

## Årsmelding LUPE Møre og Romsdal 2024.

LUPE Møre og Romsdal hadde i 2024 84 medlemmar. Verdt å merke seg er at 62 av desse medlemmane er knytt til Vanylven. Hovudarbeidet til fylkeslaget har difor vore mest i dette området.

Styret i LUPE Møre og Romsdal har i 2024 hatt slik samansetnad:

Leiar:	Jan Svein Hammer	På val i 2025
Sekretær/nestleiar:	Otto Drage	På val i 2026
Kasserar:	Brynjar Hatlegjerde	På val i 2025
Styremedlem:	Wigdis Hellstrøm	På val i 2026
Styremedlem:	Per Brekke	På val i 2025

### Valnemnd i eit år:

Anne Hammer og Kristin O. Aarsnes. På val i 2025

### Revisor:

Revisor har vore Hallvard Takset, vald for eitt år.

### Møteverksemd:

Årsmøte: Årsmøtet var 09 mars på Vanylven aktivitetssenter på Fiskå.

Styremøte: Styret har hatt tre styremøte

Administrasjonsmøte: To administrasjonsmøter som var 11 februar og 04 mars.

### Likepersonsarbeid:

Likepersonane i LUPE Møre og Romsdal har i 2024 utført eit omfattande likepersonsarbeid.

I 2024 utførte likepersonane fleire hundre individuelle samtalar.

I 2024 vart det gjennomført eitt likepersonskurs:

- Grunnleggande om likepersonsarbeid. Skjemautfylling og krav frå BUFdir.

I 2024 vart det gjennomført ei rekkje samtalegrupper for likepersonar med blant anna følgjande tema:

- Syskenproblematikk. Ansvar. Avmakt. Skuleproblematikk.
- Utviklingshemming og kjæraste. Trygghet/sikkerheit. Omgivnadane sin reaksjon.
- Utviklingshemming og vennskap. Gamle og nye. Personalet som «venner». Alternative kontaktformer. Einsidig/tosidig vennskap. Behov for å vere aleine.
- Rutinar for likepersonsarbeid. Behov for rettleiing. Skjemautfylling. Tema for likepersonskurs
- Planlegging av likepersonsarbeidet. Behov for samtalegrupper og kurs.
- Definisjon av likepersonarbeidet. Tausheitsplikt.
- Glede. Er det lov å glede seg. Positive effektar av å vise glede.
- Aldring og død. Gjenlevande slektingar. Førebuing når pårørande blir eldre.

- Kjæraste. Fare for graviditet. Trenger alle menneske ein kjæraste. Er det nok å ha nokon å halde i handa?
- Usikkerheit i høve ulike etatar. Møter utan føremeldt agenda.
- Vidareføring av ansvar etter eit langt liv som nærmaste pårørande.
- Når den utviklingshemma verte aleine. Korleis sikre framtida?
- Sjølvbestemming i høve arbeidstid. Halde inngåtte avtalar.
- Korleis blir den utviklingshemma møtt i bustad? Mange arbeidarar, kva instruksar og informasjon har desse på førehand?
- Praktisk i bustad. Lister med prosedyrar. For mykje informasjon.
- Dagsform og forventningar til aktivitet og deltaking i samfunnet.
- Sjukdom og dårleg form. Små forventningar. Belønningssystem som metode.

#### **FUNKIS-kurs:**

LUPE Møre og Romsdal har i 2024 heldt to kurs for med fylgjande tema:

- Likepersonskurs – Dagskurs om grunnleggande likepersonsarbeid.
- Kulturhistorisk reise i Polen – 4 dagars kurs

#### **Feriereise 2024**

LUPE Møre og Romsdal mottok tilskot frå BUFdir for gjennomføring av feriereise til Spania. Det vart gjennomført 2 reiser på en uke kvar.

Fyrste reise gjekk i september til Alicante. En gruppe på 6 personar deltok på denne reisa. Gruppa budde på ein lite tettstad som heter Los Alcazares. Los Alcazares er ein koseleg, trygg og oversiktleg liten stad ved Mar Menor lagunen i Murcia regionen. Gruppa hadde leigebil som vart brukt aktivt til å utforske regionen. Det vart turar til Murcia, Cartagena, Torrevieja, den rosa saltsjøen, La Manga og andre kjekke småstader i regionen. Det vart besøkt mange museum, kyrkjer, historiske bygningar, utgravingar i Cartagena og mykje anna. Shopping, marknad og ny hårfarge er stikkord.

Andre reise gjekk til Barcelona i oktober. Ei gruppe på 8 personar deltok på denne reisa. Gruppa budde i Calella. Det vart gjennomført utflukter blant annet til Blanes og Malgrat de Mar. Spesielt var en dagstur til Montserrat klosteret en stor oppleving. Dessutan var det stort telt på stranda med oktober-festival slik at gruppa verkeleg fekk svinga seg på dansegolvet om kveldane. Sightseeing, besøk på museum og historiske steder. Gruppa kjøpte matchande t-skjorter og viste frem sine boccia ferdigheiter på stranda.

Det er mykje positivt ved slike reiser. Spesielt skapar det samhald, fellesskap og gjerne nye vennskap. Det er god øving på nye situasjonar og alt dette fører med seg. Og reise gir opplevingar som ein kan leve på i lang tid framover.

#### **Representasjon og deltaking:**

LUPE Møre og Romsdal deltok ved Monsiaden 05 juni på Eidsåtun.

Leiar LUPE Møre og Romsdal har også sete som nestleiar i LUPE Sentralstyret i 2023/2024

**Tildelt støtte for 2024:**

- Tilskot på 35 000,- frå Helse Midt til drift og likepersonsarbeid
- Medlemsmidlar/driftsmidlar frå LUPE Sentralt på kr 8 200,-
- Tilskot på kr 36 000,- frå LUPE Sentralt til likepersonsarbeid.
- Tilskot på kr 7 415,- frå FUNKIS.
- Tilskot på kr 130 000,- frå BUFdir til Feriereisene.
- MVA kompensasjon på kr 5 969,- for 2023 og kr 8591,- for 2024.

Tilskota krev omfattande søknadar og detaljert rapportering.

  
Jan Svein Hammer  
Leiar LUPE Møre og Romsdal